

Marit Silje Årnes Husabø

Emne: Tidleg buss til Bergen

Fra: Trude Brosvik <Trude.Brosvik@sfj.no>

Sendt: onsdag 13. februar 2019 23:36

Til: Tore Eriksen <Tore.Eriksen@sfj.no>

Kopi: Noralv Distad <Noralv.Distad@sfj.no>; Jenny Ellaug Følling <jenny.folling@sfj.no>

Emne: Tidleg buss til Bergen

Til Hovedutval for samferdsel
og Fylkesutvalet

Uttale frå Gulen KrF sitt årsmøte, 12.02.2019:

Tidleg buss til Bergen

Tidlegare var det buss frå Førde / Sogn som gjekk E39 til Bergen, og ein kunne vere der i tide til møtestart kring kl. 10.00. Den bussen er no teken bort. Vi er klar over at dette var ei kommersiell rute, og at fylket dermed ikkje hadde noko med ho å gjere.

Vi registrerer engasjementet fylket har for å halde oppe flyruta frå Bringeland til Bergen, og er enig i det. Men det er minst like viktig at fylket engasjerer seg med å få tilbake ein tidleg bussavgang.

Vi ber om at fylkeskommunen, gjerne saman med Hordaland, tar grep for at ei slik rute vert oppretta, og om naudsynt, vurderer rutekjøp. Ei slik bussrute vil vere viktig for både private, jobbreiser og for å binde saman det nye fylket med offentleg kommunikasjon. Det vil vere eit grep for å få ned klimautslepp frå trafikken og gje eit viktig tilbod til dei som ikkje sjølve køyrer bil.

For Gulen KrF
Trude Brosvik